



Time kommune

Postboks 38

4349 Bryne

Kontakt saksbehandlar

Ragnhild Christin Utne Askeland, 51568934

## Løysing av motsegn - plan 0483.00 Åslandsbekken, Kverneland Time

Vi viser til kommunen si oversending den 20.mars.

Saka gjeld ovanfor nemnte reguleringsplan i Time kommune. Fylkesmannen fremja motsegn i brev den 20.07.18, på grunn av manglande ROS-analyse og at planen ikkje i tilstrekkeleg grad sikra vassdragsinteresser i strid med rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.

Time kommune har forslag til planendringar og revidert ROS-analyse for å løyse saka. Fylkesmannen har følgjande merknader:

### ROS-analyse

- Vi viser til revidert ROS-analyse der det er gjort endringar i tråd med vår uttale. Motsegna til ROS-analysen er med dette løyst.

### Vassdragsinteresser

- Omsynssona for kantvegetasjonsbeltet er utvida frå 3,5 til 5 meter, med tilhøyrande føresegn om at kantvegetasjon i størst mogleg grad skal ivaretakast. I motsegna knytt til manglande kantvegetasjon la vi fram forslag til løysing for kantvegetasjon med breidde på minimum 10 meter. Fylkesmannen har nytt forslag om breidde på minimum 6 meter i tråd med tidlegare praksis, med tilhøyrande føresegn om at eksisterande kantvegetasjonen skal bevarast.
- Vi viser til vår tidlegare uttale om at det til reguleringsføresegn § 4.2 må slås fast at området skal ha naturleg stadeigen vegetasjon utan parkopparbeiding, og at det ikkje skal tillast inngrep innanfor dette beltet. Det må også tilførast i § 3.3.2 at ei eventuell mellomlagring av massar skal lagrast i god avstand frå Frøylandsbekken.



## Konklusjon

Dersom merknadene ovanfor vert innarbeidd i planen, er saka med dette løyst.

Med helsing

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernsljef

Ragnhild Christin Utne Askeland  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune  
NVE Norges vassdrags- og  
energidirektorat

Postboks 130  
Postboks 5091  
Majorstuen

4001 Stavanger  
0301 Oslo